


Sund Sokneblad

Nr. 4

28. september 2022
Årg. 91

Sund kyrkje 25 år



Den nye Sund kyrkje vart innvigg i 1997. I år er det altså 25 år sidan dette skjedde. I samband med gudstenesta i kyrkja 4. september vart jubileet markert med marsipankake og taler.

side 5

Ranselbøn

Ranselbøna for dei nye førsteklassingane vart i år halden litt etter at skulane hadde starta, nemleg søndag 4. september i Sund kyrkje.

side 4

Katrin Fischer

Katrin Fischer har overteke som kyrkjelydspedagog i Sund. I gudstenesta 4. september vart ho formelt innsett i stillinga, men hadde alt jobba nokre veker.

side 6

Frivilligfest

Mange av dei frivillige i Sund sokn var med på festen i Kyrkjekjellaren 1. juni. God mat, song og foredrag av Evy Torunn Nyvoll frå NMS stod på programmet.

side 7

Tyssøy

Den årvisse friluftsgudstene sta på Tyssøy vart i år halden 12. juni. Regnet kom undervegs, men heldigvis var det sett opp telt, så dei fleste heldt seg tørre.

side 8

Johs Openberring

Erling Koppenrud kom over ei bok i sommar som handla om Johannes Openberring. Dette inspirerte han til å snakka om nettopp Openberringa på Føremiddagstrefft i august.

sistesida


Pastoralt perspektiv

Mikkelsmess

Hva forteller den oss?

Mikkelsmess gikk i 1999 inn som dag i vårt kirkeår igjen etter å ha vært ute i over 200 år. Mikkelsmess er 29. september og feires på den søndagen som kommer nærmest denne datoer. I år faller Mikkelsmess på en torsdag.

Mikkelsmess har ikke noe med Mikkel rev å gjøre, skjønt navnet kunne lede tanken i den retningen. Dagen bærer erkeengelen Mikaelens navn. I middelalderen hadde Mikael en sentral rolle. Ifølge folketroen var det erkeengelen som fraktet de døde over elven til Gud. Denne forestillingen gjenfinnes vi blant annet i en negro-spiritual: «Michael, Row the Boat ashore».



Erkeengelen Mikael, ikon fra 1300-tallet fra St.Katarina-klosteret i Sinai.

Mikkelsmess ble hos oss avskaffet i 1770, men fortsatte likevel å ha betydning i tiden som fulgte.

Gjennom innføringen av Mikkelsmess, ønsket en mellom annet å gi fokus til den kosmiske striden som står mellom på den ene siden Gud og hans engler og på den andre siden djævelen og hans makter. En ønsket å understreke Kristus som seierherren, som gjennom sin hær av engler og gjennom oss, hans folk, kjemper for Guds rikes endelige seier. Det skal komme en dag da Kristus står fram som Seierherren og Guds rike er kommet fullt og helt.

En ville også med gjeninnføringen av dagen poengtere lovsangen for Guds trone der englene og de himmelske hærskarer lovsynger Den tre-enige Gud, en lovsang vi skal få delta i hos ham, og som vi her foregriper, ikke minst i nattverden. Tanken er at Mikkelsmess skal fornye og løfte fram det bibelske perspektiv på englene i vår tid.

Kollektbønnen på Mikkelsmess markerer dette anliggendet:

Evige, allmektige, Gud, himmelens og jordens Herre, du som har engler og mennesker i din tjeneste, vi takker deg fordi du sender dine hellige engler for å vokte

Framhald neste side

Velkommen til gudsteneste

02. oktober – 17. søndag i treeiningstida – Mark 5,35-43

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.

Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

Songinnslag: Hanne Kathrine Boga

09. oktober – 18. søndag i treeiningstida – Mark 1,40-45

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Erling Kopperud.

Dåp. Takkoffer: Eige arbeid

16. oktober – 19. søndag i treeiningstida – Luk 9,57-62

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.

Dåp og Nattverd. Takkoffer: Fjell-ly

23. oktober – 20. søndag i treeiningstida – Matt 18,1-11

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Erling Kopperud

Dåp og Nattverd.

Takkoffer: TV-aksjonen

30. oktober – Bots- og bønedag – Luk 15,11-32

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Erling Kopperud. Dåp og Nattverd.

Takkoffer: T-dagsarbeidet

Utdeling av biblar til 5.klassingane.

Musikkinnslag: Stjerne- og Betweenskoret

06. november – Allehelgensdag – Luk 6,20-23

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/? Nattverd.

Takkoffer: Kirkens SOS

Vi tenner lys for dei som døde det siste året.

Musikkinnslag: Sund Blandakor

13. november – 23. søndag i treeiningstida – Matt 24,35-44

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?

Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Stefanusalliansen

20. november – Domssøndag/Kristi kongedag – Joh 9,39-41

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/? Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Eige arbeid

27. november – 1. søndag i adventstida – Matt 21,1-11

SUND kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste v/? Dåp.

Takkoffer: Stjerne- og Betweenskoret

LysVaken

04. desember – 2. søndag i adventstida – Joh 14,1-4

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/?

Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Eige arbeid

Oversynet over kven som skal vera prest i dei ulike gudstenestene i november og utover var ikkje klart då bladet gjekk i trykken. Difor står det berre eit ? der namnet til ein prest skulle stått.

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftest kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er uteigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudsteneskunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Markusevangeliet

Soknerådet inviterer til:

MARKUSEVANGELIET i ord, toner og bilder

Ved violinist og fotograf Christer Stejskal

SUND KYRKJE 30. november kl. 1800

Opplev Markusevangeliet fortalt utanåt av Christian Stejskal, med korte innslag av eigenkomponert musikk spelt på fiolin, og sett saman med 90 svart/kvitt-fotografi vist på bildeskjerm.

Førestillinga varer i ca 2,5 timer medrekna pause.

Førestillinga er gratis (Soknerådet spanderer), men det blir sjølv sagt anledning til å gi ein slant for dei som gjerne vil det.

Mikkelsmess...

Framhald frå førre side

og verne oss mot ondskapens makter.

Vi ber deg, gi oss fri modighet til å stride troens gode strid, så vi sammen med englene og hele din menighet kan lovprise deg til evig tid, ved din Sønn, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Hellige Ånd lever og råder, én sann Gud fra evighet og til evighet. Amen.

Altså: Kristus som Den onde fiendes overmann, englene og vi som tror på Kristus som hans tjener i striden mot den onde og for Guds rike. Det handler om en kamp som i mangt er usynlig, men den er reell og den utkjempes også i vår virkelighet, i vår historie. Fra tid til annen synes vi vel vi kan skimte noe av denne kampen, skjønt det ikke alltid er like lett å peke på.

Har du sett engler noen gang? Det er noen som forteller at de har sett engler. Det er ikke så viktig. Det viktigste er at Bibelen forteller oss at englene finnes. De er Guds tjener som gjør det han vil. De står rundt hans trone og lovpriser ham i hans himmel og de sendes ut for å hjelpe oss mennesker. De

kjemper mot den onde fiende og hjelper oss i vår kamp mot ham og mot alt som vil ødelegge. Det er trøstefullt å tenke på at selv om vi ikke ser englene, så er de der og hjelper oss og strider sammen med oss for Guds rike. Også når det gjelder englene kan vi noen ganger fornemme at vi har hatt englebesøk.

Vet du forresten at du har en engel? Jesus sier det. Disiplene kom til ham og spurte hvem som var den største i himmelriket. Da ropte Jesus på et lite barn og stilte det opp foran dem.

Så sa han at den som gjør seg selv liten som et slikt barn, han er den største i himmelriket. Deretter sa Jesus at den som tok imot et slikt lite barn i hans navn, han tok imot Jesus selv. Så viktig var de små for Jesus. Så sa han dette: «*Pass dere for å forakte en eneste av disse små! For jeg sier dere: De har sine engler i himmelen som alltid ser min himmelske Fars ansikt*» (Matt 18,10). Det er et flott ord til barna, men vi må tro at englene ikke forlater oss når vi vokser til.

Egil Reindal



FOTO: OLAI OTTERÅ

Erling Kopperud ny vikar

Erling Kopperud har teke på seg å vera vikar i Sund sokn, i første omgang ut oktober månad. Som mange nok kjenner til var Kopperud tidlegare prost i Vesthordland prosti, men måtte gje seg då han blei sjuk. No er han frisk att og såg

seg i stand til å ta på seg dette vikariatet no når Sund sokn har hatt problem med å få tak i ny sokneprest. På biletet er han i si første gudsteneste i Sund kyrkje. Vi ynskjer han lukke til i arbeidet.



Jennie Zhi Dalseide er ny kyrkjetenar i Sund kyrkje.

Ny kyrkjetenar i Sund kyrkje

Denne hausten har det kome ein ny person som har overteke ansvaret som kyrkjetenar i Sund kyrkje. Ho heiter Jennie Zhi Dalseide.

- *Kva oppgåver har så ein kyrkjetenar?*

- Det er mi oppgåve å låse opp kyrkja, henge opp flagget og gjere alt klart til gudstenesta, t.d. henge opp dei rette liturgiske fargane og setje opp salmenummer på veggen. Elles er det eg som styrer ringinga med klokken, både før og under gudstenesta. Eg må òg ta meg av klargjering og etterarbeid i samband med nattverd.

Olai Otterå

Ranselbøn for 1.klassingane

Den tradisjonelle Ranselbøna for dei nye 1.klassingane kom litt seinare enn vanleg i år. Vanlegvis har den vore søndagen før skulane starta opp etter ferien, men i år vart Ranselbøna av ulike grunnar utsett til søndag 4. september.

Men så var det ein fin flokk med førsteklassingar som i år møtte fram i Sund kyrkje med dei nye, fine ranslane sine på ryggen. På rekkje og rad fekk dei vere med i prosesjonen inn i kyrkja under innleiinga.

Litt seinare måtte alle koma fram i kyrkja att og stilla seg opp, og der fekk dei utdelt ei bok som handla om Sakkeus, han som kleiv opp i eit morbærifikentre for å få sjå Jesus betre. Akkurat den biten av fortellinga var det eit lite rollespel om. Elena, dottera til organisten, var Sakkeus, og ho kleiv opp i eit tre som var laga til, og då Jesus, framstilt av Rannveig Vestbøstad Vik, seksjonsleiaren for barn og unge i kyrkja i Øygarden, kom gåande framover i kyrkja kunne både Elena og prosten peika på Jesus.

Dette rollespelet gjer kanskje sitt til at 1.klassingane hugsar endå betre at prosten denne dagen las Ranselbøna for dei.

Ola Otterå



1.klassingane på veg inn i kyrkja.



Elena som Sakkeus oppe i treet og prosten peikar på «Jesus» som er på veg mot dei.




1.klassingane samla framme i kyrkja før dei får utdelt boka om Sakkeus.

Feira 25 år med den nye Sund kyrkje



Det galdt å sikra seg ein bit av marsipankaka.



Marsipankaka med påskrifta «Sund kyrkje 25 år».



Mange tok turen innom på kyrkjekaffien for å smake på kaka og markere at Sund kyrkje var 25 år.

Det har gått 25 år sidan den nye Sund kyrkje vart innvigd. Det skjedde på pinse-dagen i 1997, men 25-årsfeiringa vart utsett til gudstenesta 4. september.

Det var på kyrkjekaffien etter gudstenesta denne dagen at feiringa vart markert. Då vart det, i tillegg til vanleg kyrkjekaffitil-behør, også varta opp med ei stor marsipankake med påskrifta «Sund kyrkje 25 år». Den måtte sjølv sagt alle smake på, så i løpet av kyrkjekaffien forsvann heile kaka.

Det var også fleire som markerte stunda med ei helsing. Dagens kyrkjeverje Annlaug Børve var først ute. Men også ho som kom som ny kyrkjeverje då kyrkja vart til, Borghild Hustad Berge, delte litt av sine inntrykk. Ho hadde håpo at ho skulle vera den første som gifta seg i den nye kyrkja, men det klappa ikkje heilt. Ho måtte venta eit par år.

Arne Bakke var soknerådsleiar då den gamle kyrkja brann. Han fortalte litt om arbeidet dei hadde hatt med å finna alternativ til kyrkja i det gamle kyrkjetunet og arbeidet med å få på plass ei ny kyrkje. Mange ville ha ei liknande kyrkje som den gamle, men det vart som vi veit ei litt annleis, men svært tenleg kyrkje.

Olai Otterå



Katrin Fischer



Katrin Fischer blir innsett som kyrkjelydspedagog i Sund av Jan Tommy Fosse med ein del av barna rundt seg og seksjonsleiar Rannveig Vestbøstad Vik i bakgrunnen.

Katrin Fischer er ny kyrkjelydspedagog i Sund

Søndag 4. september vart Katrin Fischer innsett som kyrkjelydspedagog i Sund sokn etter Dag Reidmar Pettersen, som slutta i sommar. Ho knelte framme ved altarringen der prost Jan Tommy Fosse bad for henne med mange barn samla rundt dei.

Katrin Fischer byrja eigentleg jobben som kyrkjelydspedagog 20. august, og alt før det hadde ho vore i Sund og blitt orientert om arbeidet av Dag før han slutta. No gler ho seg til å ta fatt på arbeidet for alvor.

Katrin kom til Noreg i 2008. Ho kjem oprinneleg frå Nord-Tyskland der faren var skuleinspektør. I barndommen sakna ho ikkje noko medan mange av klassekameratane hadde eit tøffare liv og måtte m.a. hjelpe til på garden. Opplevinga av ulikskap i oppveksten har prega henne, fortel ho.

Ho har 30 års røynsle innan diakonalt-, helse- og sosialfagleg arbeid, og ho har studier og utdanning innan teologi, pedagogikk og sjukepleie. Hennar engasjement i arbeidslivet har vore prega av eit kristeleg perspektiv. Dei siste åra har ho jobba som sjukepleiar og avdelingsleiar på ein sjukeheim. Ho har her brukt mykje tid til samarbeid med pårørande, nabologets

barnehage, foreiningar, kyrkjelyden og presten.

Likevel har ho sakna endå meir kontakt med barn og ungdom og den konkrete referansen til kristendom gjennom heile arbeidsdagen. Å følgja den individuelle utviklinga frå små barn til unge vaksne menneske ser ho på som eit privilegium. Med stort engasjement, eit ope hjarte og ustoppeleg kreativitet ynskjer ho å formidle Guds boddskap og kristen tru i teori og praksis.

Gjennom mange prosjekt har ho tildeigna seg eit breidt spekter av didaktiske metodar, målsetjing og planlegging av opplæring og oppfølging over tid.

Katrin tykkjer det er flott at ho som kyrkjelydspedagog kan bruke aktivitetar inne og ute, som teater- og rollespel, brettspel, kunst, musikk, film, eller «berre» den gode samtala for å møte barn og unge. - Trusopplæring, åndeleg omsorg og aktivitetar for alle frå 0 - 99+ er den beste oppgåva eg kan tenkje meg, seier ho. For ho elskar menneske, ho likar å bruke og formidle eigen kunnskap, jobbe integrerande, ho leiter etter kontinuerleg utvikling, og ho liker å jobbe i lag med andre.

- Eg likar å gå på jakt etter alle desse

verdfulle og ugjenomtrengelege skattane i arbeidet med barn, ungdom og familiar, fortel ho. - Eg ber Gud om mykje visdom til tenesta. Ho fortel elles at ho ser fram til samtalene over eit glas vatn, ein kopp te eller kaffi, til konfirmantundervisning, til Boost, LysVaken, til fritid, gudstenester, til å synge, vere kreativ, til nye impulsar, til å vere saman på vegen.

- Som kyrkjelydspedagog i Sund skal eg formidle det gode nyhendet, som Bibelen fortel oss. Eg skal gje støtte, orientering, identitet, trøyst, styrke for kvar dag, fortel ho.

Måndagar - torsdagar har ho kontor i kjellaren i Sund kyrkje medan ho blir på Straume på fredagar. Og så flyttar ho til Klokkarvik og blir sundsokning.

Olai Otterå

Ny sokneprest i Sund?

For tredje gong i år blir det søkt etter ny sokneprest i Sund sokn. Nokre timer før søknadsfristen gjekk ut 18. september hadde det meldt seg 2 sökjrar. Tilsetjing blir 26. oktober i Bjørgvin bispedømmesråd.



Evy Torunn Nyvoll fra NMS heldt foredraget «Kva har du i ditt hus?»



Isabell Pettersen song for dei frammøtte på Frivilligfesten. Irina Tarasova bak pianoet.

Frivilligfest

12. juni vart det skipa til fest for dei frivillige i kyrkjelyden i Sund sokn. Mange nyttar høve til å vera med på denne tilstellinga som dei tilsette i kyrkjelyden laga til i Kyrkjekjellaren i Klokkarvik med betasuppe, kaffi og kaker og med litt program i tillegg.

På programmet stod m.a. song av Isabell Pettersen, dottera til den avgåande kyrkjelydspedagogen Dag Reidmar Pettersen. Ho hadde med seg Irina Tarasova på piano.

Talaren for kvelden var Evy Torunn Nyvoll. Ho kom frå NMS og snakka om kva vi har i vårt hus, altså kva vi har i oss sjølve, vi som er i kyrkjelyden. Og kva gjer vi med det vi har?

Vi må oppdage kva vi har og bruke det. Og vi må oppdage kva potensiale det gir. Ved å utvikla dette potensialet, lærer vi òg meir. Vi må altså utvikla det og sjå kva moglegheiter det gir. - Det er alltid noko å gripe fatt i, meinte Evy Torunn Nyvoll. Og heile tida er det snakk om kva tallentar kvar person har.

Det er òg snakk om det fysiske miljøet, slik som eigedom, ting og natur, korleis vi kan utnytta dette på ein best mogleg måte. Men også den individuelle kompetansen er det viktig å finne fram til, og kva ulike grupper kan utrette. - Det er viktig å bruke det vi har i kyrkjelyden, var bodskapen frå Evy Torunn Nyvoll.

Ola Otterå



Mange av dei frivillige i Sund var samla rundt borda i Kyrkjekjellaren.

Friluftsgudsteneste på Tyssøy



Eit stort telt (eigentleg to) var reist på kyrkjebakken på Tyssøy i tilfelle regn. Og regn blei det etter kvart.

Vêret såg utrygt ut søndag 12. juni då det var gjort klart for den årlege friluftsgudstenesta ved kyrkjesteinane på Tyssøy. Sidan det skulle vera barnedåp i denne gudstenesta var det rigga til med eit par store telt i tilfelle regn. Det gjekk bra ei stund, men etter kvart kom regnet, så det kom vel med at telta var sett opp og at folk som sat ute kunne trekkja inn under tak.

Det var så mange til stades på denne friluftsgudstenesta at det vart trøngt i telta. Men Sund Brass som også denne gongen var med og spelte i byrjinga og slutten av gudstenesta, hadde plassert seg trygt under tak. Under tak hadde også Sund Blandakor plassert seg, og når det var deira tur til å syngja, kunne dei berre reisa seg opp og framføra songane sine.

Egil Reindal vikarierte som prest i Sund i denne perioden, og det var han som hadde gudstenesta på Tyssøy denne søndagen.

Dåpen vart gjennomført ved at ein i dåpsfølget måtte halda fatet som vatnet var tømt i. Ein vanleg døypefont hadde ein jo ikkje. Men elles vart dåpen gjennomført slik han vanlegvis blir, og etterpå kunne Kyrre Hille Persson visast fram som døypt inn i kyrkjelyden.

Etterpå var det kyrkjekaffi med kaffi og mange gode kaker. Også dette måtte ein få plassert under tak slik at ein kunne vera beskytta motvêret.

Ola Otterå



Kyrre Hille Persson blei døypt på Tyssøy denne søndagen av vikarprest Egil Reindal.



Mange gode kaker ein kunne forsyna seg av etter gudstenesta.

Aktivitetskalender

Når	Kva og Kor
Kvar tysdag kl. 18.30 - 21.00	BOOST - for ungdom 14 år og eldre. Vi treffest, spiser, syng, spelar bordtennis, brettspel, ... Annankvar tysdag i Kausland og annankvar tysdag i Klokkarvik. For nærmere informasjon ring kyrkjelydspedagog Katrin.
30. oktober kl. 11.00	Utdeling av teikneseriebibelen til 10-åringar i Sund kyrkje. Påmelding ønskjeleg
5. november kl. 11.00 - 14.00	Utdeling av lys i Sund Senter
6. november kl. 17.00 - 19.00	Open kyrkje i Kausland kyrkje
19. november	Julemesse i Sund kyrkje
Natt til 27. november (1. søndag i advent) og gudstenesta	LysVaken Sang, forteljingar, bøn, leik, ... 12-åringar overnattar i Sund kyrkje. Påmelding.
I november og desember. Nøyaktig dato kjem snart på www.kyrkja.no/oygarden -> Sund sokn	Krybbevandring i Sund og Kausland kyrkje Alle barnehagar får invitasjon med nærmere informasjon tilsendt. Barn som ikkje går i barnehage kan avtale tid med kyrkjelydspedagogen.
21. november - 22. desember	Julevandring i Sund og Kausland Alle, frå 0 til 99+, er velkomne til å melde interesse for ei julevandring. Ved nok interesse skal vi vandre gjennom kyrkerommet og oppleve advent og jul på ein litt annleis måte.
1. desember kl. 16.00 - 18.30	Juleverkstad i Sund kyrkje Konfirmantane inviterer til vaflar, adventsforteljingar, musikk, kreative verkstader, quiz, ...
8. desember kl. 16.00 - 18.30	Juleverkstad i Kausland kyrkje Konfirmantane inviterer til vaflar, adventsforteljingar, musikk, kreative verkstader, quiz, ...
Påmelding: www.kyrkja.no/oygarden -> Sund sokn eller kontakt kyrkjelydspedagog Katrin Fischer, mobil 403 04 255, e-post: kf724@kyrkja.no	

KONFIRMANT*

2023

Er du fødd i 2008?

Ønskjer du å konfirmere deg i mai 2023?
Meld deg på ☺

kyrkja.no/oygarden -> Sund sokn -> Konfirmant 2023

1. undervisningsdag i Sund kyrkje torsdag 29. september, kl. 15:30 og 17:30

1. undervisningsdag i Kausland kyrkje torsdag 6. oktober, kl. 15:30 og 17:30

Du er hjarteleg velkommen

Bok om prost Johan Greve



Rett utanfor Sund kyrkje, på den gamle kyrkjegården, ser du ei minnestøtte som skil seg litt ut. Bygdefolket i Sund gjekk saman om å reise minnestøtta over Johan og Henriette Greve. Dei gjorde det i takksemd.

Johan Fritzner Greve kom til Sund som sokneprest i 1835. Han vart seinare prost og tente folket trufast til han døydde i 1883.

Han er i ferd med å gli ut av vår sams minne. Eg meinte at han fortener å bli hugsa. Det skulle bli ein artikkel i Havstrilen. Men den audmjuke og fromme Herrens tenar greip fatt i meg, så eg las og eg skreiv til det vart så altfor langt for Havstrilen. Då vert det nok eit hefte, tenkte eg. No er boka ferdig.

Ei lita bok rett nok. Det er min hyllest til dei prestane som på 1800-talet med entusiasme og framtidstru arbeidd for at allmugen, dei fattige og underprivilegerte, skulle løftast opp mot eit betre og verdigare liv.

Prosten Greve var på mange vis ein typisk representant for dei geistlege som gjekk i front og tok ansvar i det store nasjonale prosjektet. Samstundes var han fascinerande annleis enn prestar flest.

Sverre Bungum

Hjort på gravplassane

Mange pårørande har opplevd å komme til gravplassen for å stelle ei grav, og oppdagat at plantar er røska opp eller at sjølve blomen er borte.

Då er det kanskje hjorten som har vore og forsynt seg.

TEKST: TORE HEGGERNES

ILLUSTRASJONAR: YNGVILD MØRNER SØRHEIM / ILLUSTRASJONSFOTO: UNSPLASH

Hjorten er eit problem på mange av gravplassane i Øygarden, slik det òg er elles i landet. Å finne ei god løysing for å unngå at hjorten raserer blomane på gravene er ikkje lett. Fellesrådet har vurdert hjortegjerde, men har konkludert med at dette ikkje er aktuelt.

Eit tips til dei som steller ei grav, er difor å velje plantar med omhu.

Unngå hjorten sine favorittar, som til dømes roser og tulipanar.

På naturhistorisk museum si nettside kan ein finne ei liste over plantar



som rådyr ikkje likar. Desse vil heller ikkje falle i smak for hjorten. Døme på planter ein kan prøve å bruke på graver er plantar med giftverknad, som påskeliljer, revebjøller og

valmuer. Også duftande urter og blomar som salvie, prydsalvia, lavendel, peonar og skjeggete iris, er slikt hjorten normalt ikkje vil ete.

Det finst også middel med lukt hjorten ikkje likar, som ein kan prøve å spraye på blomane. Du kan gå inn på spirea.no (scan QR-koden eller finn lenka på www.kyrkja.no/oygarden/gravplass) og lese om tips til middel du kan blande sjølv, og spraye på blomane.



Blomar ein kan prøve:



Skjeggete iris



Lavendel



Påskelilje



Revebjølle



Valmue



Prydsalvie



Peon

Korleis møta kvarandre og vera ein god ven i sorga

Kjenner du nokon som har mista ein dei er glad i? Korleis visa omsorg og bry seg når nokon rundt oss sørger?!

27. oktober klokka 19.00 har vi temakveld om dette i Foldnes kyrkje.

Eli Landro kjem og har foredrag for oss. Ho vil blant anna snakke om korleis det kan opplevast å bli enke/enkemann og gå frå å vera par til å bli femte hjul på vogna. Er det mogleg for oss som står rundt å invitere, bry oss, lage plass til den/dei som opplever døden i nær familie/omgangs krets?

Kva treng ein som sørger? Kan vi bli trygge i å møta venner/familiemedlemmer som er i sorg. Er vi redde for å trø feil?

Vi snakkar mykje om eit varmare

Temakveld om sorg vert årleg arrangert av Øygarden kyrkjelege fellesråd. Her gir vi også informasjon om sorggrupper som ein kan melde seg på same kveld, eller ved å ta kontakt med diakonane/kyrkjekontoret på Straume.

Telefon 400 03 316, E-post: post.oygarden@kyrkja.no

samfunn og å ha omsut for kvarandre. Mange er gode på dette. Nokre gonger treng vi eit puff for å tørre å møte sørgande. Vi ynskjer at denne kvelden skal vera med å oppmuntra oss til å ta nye steg i møte med nære som sørger.

Det vert vakker musikk og enkel bevertning.

Her er både pårørande og venner/familie hjarteleg velkommen. Kom og bli med!



Eli Landro er diakon og har lang erfaring med sorgarbeid. Ho har dei seinare åra vore tilknytt institutt for sjælesorg, Modum, som instituttdiacon for ho nyleg pensjonerte seg.

Om du ynskjer, kan du finna meir informasjon på nettsida vår:

<https://kyrkja.no/oygarden>

Kva brenn du for?

Har du lyst å bidra med noko i kyrkjelyden vår?

Vil du delta i noko, men veit ikkje korleis?

Vil du vere med på noko som ikkje finst enno?

Ønskjer du å vere saman med andre?

Om du er liten eller stor, ung eller eldre, ...

Du er velkommen som du er i kyrkja vår



Har du ein idé, har du eit forslag, vil du vite meir, eller vil du bli aktiv, ta kontakt med:

Diakon **Hildegunn**: 45516360

Kyrkjemusikar og barne- og ungdomsarbeidar

Irina: 47450606

Kyrkjelydspedagog **Katrin**: 40304255

Frå 4. klasse
og oppover!

Vil du bli med på klubb?

Betweens-klubben



Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman. Du og venene dine er velkommen til å bli med!

Vi møtest:

18. oktober, 15. november,
20. desember

Kontaktpersonar:

Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360
Irina Tarasova - 474 50 606

I Kyrkjekjellaren,
Sund kyrkje
frå kl. 17.30 til 19.30.

Oppstandelsen og livet

«Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør.» Joh.11, 25.

Det er en sterk tekst jeg har delt et vers fra, teksten om Lasarus sin død og om hvordan Jesus vekker han til liv. Det er en av tekstene på første søndagen i oktober.

Hele teksten er et sterkt og triumferende budskap om Livgiverens og Seierherrens makt over liv og død. Og det er samtidig et dramatisk realistisk ord om død og sorg og fortvilelse. Du finner hele teksten i Johannesevangeliet kap. 11.

I påsketiden konsentreres jo vår oppmerksomhet om Jesu oppstandelse.

Tekstene på 17. søndag i treenighetstiden, som første søndagen i oktober kalles, samler oss om våre kår som mennesker; om død og om oppstandelse, om evig liv eller evig død.

Vi snakker ikke så mye om disse tingene, og det er jo kanskje ikke så vanskelig å forstå.

Samtidig ser vi mange gå og stelle på kirkegårder, ordner på gravene til sine avdøde. Hva tenker de i den forbindelse?

Vi mennesker er forskjellig på mange måter. Men det har vi i alle fall felles at vi alle en dag skal dø. Døden skiller oss ikke bare ad. Den forbinder oss. Den er fellesie. Vi er alle døende.

Kanskje er det derfor vi ofte får en fornemmelse av en spesiell enhet i forbindelse med begravelser?

Så møter vi Jesus i denne teksten idet han gir livshjelp og bedriver sorgarbeid så det monner. Og det gode ved dette er at det meste av det som skjer der, kan overføres direkte inn i våre liv.

Vi blir ikke, slik som det så ofte skjer ved dramatiske hendelser, også i vår hverdag, redusert til statister som står og betrakter sykebil, blålys og helsepersonell, for siden hoderystende å rusle videre.

Noe av det viktigste han sier kommer til uttrykk i den lille samtalet med Martha der ho kommer ham i

møte og nærmest anklager ham for det som har skjedd: Hadde du vært her, var min bror ikke død! Og da Jesus sier at Lasarus skal stå opp, svarer hun at det tror hun på, han skal stå opp i oppstandelsen, på den siste dag. Virkningsfullt spiller evangelisten Johannes på misforståelsene som så ofte oppsto mellom det folket forsto og det Jesus ville si. Og så kommer det sterke Jesus-utsagnet, kanskje det viktigste «jeg er» utsagnet i Jesu munn: Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø.

Hva betyr så det?

Det betyr at han som kunne skape undring og jubel ved

en grav i Betania i Israel og forlenge livet til Lasarus med noen år, han har noe å gi som går langt utover det.

Når dødens forskrekkelse og angst kommer inn over oss, så skal vi få vite at han som vakte opp Lasarus den dagen, han skal også fravriste jorden våre kropper, og gi alle de som tror på ham evig liv. Ja han smakte selv døden og brøt dens makt, og kirkens hovedbudskap har siden den dag, påskedag for snart 2000 år siden, vært at vi har en levende frels.

Han har stått opp, han har brutt dødens makt, døden kunne ikke holde på ham, står det. Jeg var død, men se, jeg lever og har nøklene til døden og dødsriket sier han i Åp.1. Det betyr: han har faktisk kontroll over det som kommer etter døden!

Det er han som sier disse ordene – til enhver som vil høre og ta imot: Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg, dvs. den som setter sin lit til meg, som satser på meg, som tar det jeg sier på alvor og retter livet sitt inn etter det, det er jo det det betyr å tro. Den som slik tror på meg,

Framhald neste side

Andakten



**SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Grønnavyrtvegen 22, 5353 Straume
(Bjørøygården)



Du kan ringja Kirkens SOS helle døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teknsttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50





Gåve til nyfødde!

Ventar de barn eller har nettopp blitt foreldre?

Då vil vi, Sund sokneråd, gjerne gi ein body til barnet ditt. Dei er kvite og har teksten «Eg er elsk av Gud»

Det er mogleg å hente dei på kyrkjekontoret på Straume kvardagar mellom kl. 09.30-14.30, eller eventuelt på kyrkjekontoret i Sund kyrkje etter avtale med Tove Solvang, telefon: 400 03 316.

Du er hjarteleg velkommen innom for å hente ein body til din vesle.

Møt biskopen

Frivillige vert inviterte til samling med biskop Halvor Nordhaug

Biskop Halvor Nordhaug i Bjørgvin bispedømme sluttar 1. desember 2022. I den samanheng inviterer han frivillige til å delta på ei samling i Foldnes kyrkje 1. november kl. 18.00.

Program: Gudsteneste, refleksjonar frå biskopen, ulike innslag og lokale innspel. Enkel kveldsmat kl. 20.00.

Påmelding til Øygarden kyrkjelege fellesråd innan fredag 21. oktober til:
post.oygarden@kyrkja.no eller på telefon 400 03 316.

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO

PALMA PIZZA

Tlf. 56 33 92 78

KIWI mini pris

Tlf. 56 33 74 93



KLEPSVIK & SØNN

Tlf. 56 33 74 44



APOTEK 1

Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: BLOMSTER - DAGLEGVARER - JERN- OG FARGEHANDEL
FRISØR - APOTEK - KAFETERIA - MINIBANK
SOLSTUDIO**

Møte i Sund Sokneråd

Sund Sokneråd har denne hausten avtalt møte på følgjande datoar:

28. september

26. oktober

7. desember

Sundsokningar er velkomne til å kome med innspel om kva dei meiner bør takast opp i soknerådet.

Andakten...

Framhald frå førre side

skal leve, om han enn dør!

Jeg må spørre deg: Kan du få noe bedre budskap? Har du noe som overgår dette?

Dette er det viktigste av alt. Og om du ved enden av livet ditt skulle måtte si: «det ble nå et skrøpelig liv, det var ikke rare greiene jeg fikk utrettet», så har du allikevel fått vinnerloddet om du har tatt tak i dette.

De aller fleste av oss fikk for øvrig en gang del i det.

Vi ble døpt og fikk det evige liv i gave og eie. Så gjelder det at vi lever i dette fellesskapet med vår Frelses og Herre, slik at vi kan eie håpet om den framtid som en gang kommer og skal bli de til del som hører ham til.

Når vårt liv er på det beste her på jord, er det jo bare en forsmak på det virkelige livet, som en dag kommer, livet med Gud vår skaper og frelser i hans forløste og nyskapte univers.

Egil Reindal

Stjerne- og Betweeneskoret

Øving:

27. september

25. oktober

8., 22. og 29. november

13. desember (NB! Begge kora møter kl 17.30)

17. og 31. januar

Her syng vi i haust:

Søndag 25.09 - Hausstakkefest, Kausland kyrkje kl. 11.00

Søndag 30.10 - Familiegudstjeneste, Kausland kyrkje kl. 11.00

Laurdag 19.11 - Julemesse i Sund kyrkje kl. 12.00

Laurdag 26.11 - Sundheimen kl 11.00 og Sund Senter kl 12.00

Søndag 18.12 - Vi syng jula inn, Kausland kyrkje kl 18.00

NB! Fint om koret møter 30 min før arrangementet startar.

Føremiddagstreffa

Det blir Føremiddagstreff på den siste onsdagen i månaden. I november blir det nest siste onsdagen. Treffa skiftar mellom **Kyrkjekjellaren i Klokkarvik** og **Kyrkjelydshuset på Kausland**, og dei tek til kl. 11.30. Til kvart treff blir det med ein gjest som snakkar om eit emne. Men før vedkomande slepp til vert det ein felles lunsj.

Følg elles med på kunngjeringar og i VestNytt.

28. september - Kyrkjelydshuset kl. 11.30

Gjest: Egil Reindal

Emne: Erfaringar frå tida som misjonær

26. oktober - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Annlaug Børve (kyrkjeverja)

Emne: Person frå Bibelen

23. november - Kyrkjelydshuset kl. 11.30

(datoen er flytta frå 30. november grunna anna tilskiping den dagen)

Gjest: Jan Tommy Fosse (prosten)

Emne: Advent

Alle er velkomne!

Myldredagar

Myldredagar for heile familien - besteforeldre også!

Middag – Bibelforteljing – Aktivitet – Song

Myldredagar i Klokkarvik

04. oktober

01. november

06. desember

10. januar (2023)

Myldredagar i Kausland

26. oktober

16. november

14. desember

18. januar (2023)



*Sund Senter
Blomster*

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?


Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKEN'S SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

- 05.06 Sund kyrkje**
Henrik Hjelle
Ida Marie Engeseth
- 12.06 Tyssøy**
Kyrre Hille Persson
- 19.06 Kausland kyrkje**
Ludvig Sivertsen Grevle
- 26.06 Sund kyrkje**
Herman Årvik Nygård
- 10.07 Sund kyrkje**
Julia Amanda Bye-Johnsen Golten
- 07.08 Sund kyrkje**
Johannes Sandtorv
- 14.08 Kausland kyrkje**
Mile Sofie Kilbo Schurmeyer
- 21.08 Sund kyrkje**
Maja Byberg Skoge
- 28.08 Kausland kyrkje**
Tia Marie Øvretveit
Nora Furnes
- 11.09 Kausland kyrkje**
Even Berge Hadland

Gravlagde

- 31.05 Kausland kyrkje**
Frits Ulveseth, f. 1958
- 10.06 Kausland kyrkje**
Vilborg Ella Espeseth, f. 1935
- 21.06 Sund kyrkje**
Maud Ester Heimark, f. 1934
- 05.07 Kausland kyrkje**
Halldis Karia Hammersland, f. 1930
Kåre Martin Hammersland, f. 1929
- 14.07 Kausland kyrkje**
Per Benjamin Olsen, f. 1987
- 21.07 Sund kyrkje**
Ragnhild Helena Tyssøy, f. 1924
- 16.08 Sund kyrkje**
Birger Molde, f. 1940
- 18.08 Kausland kyrkje**
Reidar Sveinung Nordvik, f. 1941
- 25.08 Kausland kyrkje**
Rune Pedersen, f. 1970

Vigde

- 18.06 Kausland kyrkje**
Karoline Aune og Morten Tveit
- 25.06 Sund kyrkje**
Merete Hauken og Ronny Svendsen

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest mandag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

Samtale og sjælesorg

Presten er glad for å bli kontaktet for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffested! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjælesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpsamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller voksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Teléfono sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærekro 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 9.30 - 14.30

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkestaben.

Soknepresten

Erling Kopperud

Vikar ut oktober

E-post: erling.kopperud@gmail.com

Soknerådet

Svein Marius Myklebust
soknerådsleiar (permisjon)

Bente Aase

fung. soknerådsleiar

E-post: bente.aase@hotmail.com

Givarteneste

Sund kyrkjelyd

Barne- og familiearbeidet

Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156

Merk kva formål gava er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærekro 2,
5353 Straume
Konto: 1503.84.37590
Kontingent: 250 kr pr. år
Redigering: Olai Ottera

Redaksjon:
Olai Ottera 928 93 057
E-post: sund.sokneblad@outlook.com

Trykk:
Molvik Grafisk AS
Levering:
Hammer Transport
Opplag: 3.300





Returadresse:
Sund Sokneblad,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Kopperud om Johs Openberring



Erling Kopperud var gjest på Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i august.

Ei ny bok som kom ut i sommar fange interessa til Erling Kopperud. Boka var skiven av Hans Johan Sagrusten og handla om siste boka i Bibelen, nemleg Johannes' Openberring. Dermed blei Openberringa tema på Kopperud sitt besøk på Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i august.

Sagrusten er ein 52 år gammal teolog, sokneprest (i Lom), bibelomsetjar og forfattar.

Kopperud siterte frå forfattaren si eiga innleiing til boka der han fortalte at han har lese Johs Openberring i 25 år, både på norsk og gresk. For Kopperud var det å trekka fram litt av det forfattaren peika på i boka si. Ein ting er at Openberringa er ei bok som skal visa ei ny jord, men vi håpar det er den gamle som vi er glade i. Om alt det gamle kan bli nytt lærer vi kanskje å ta vare på jorda.

Openberringa ønskjer at vi skal sjå alt på nytt med dei djupare strukturane. Ho kan opne tankane våre slik at vi ser kva som gjeld oss. Boka er full av speglar som

rettar seg mot oss. Kvifor lever vi slik vi gjer? Vi kan kjenna oss att i eitt kapittel, men ikkje i det neste.

I kap. 4 i Openberringa er det snakk om ei trone i Himmelen. Det sit nokon på trona, sjølv når vi ikkje ser han. Gud vil berre ha vår tillit til Han, ikkje våre argument.

I Openberringa finst det òg ein målestokk. Tempelet blir målt, det same gjer altaret i tempelet. Også dei som tilber i tempelet blir målt, ikkje talde slik det står i den norske bibelomsetjinga. I alle fall kan det visst sjåast slik om ein går til den greske teksten. Det er ikkje snakk om at kvantitetten blir målt, men derimot kvalitetten. Kva om kyrkjene våre vart målte på kvalitetten?

Det var interessant å høyra kva Erling Kopperud hadde fått ut av denne boka som Sagrusten gav ut no i sommar. Her har vi berre fått plass til nokre smakebitar.

Olai Otterå

Allehelgensdag 6. nov.

Ein dag til sakn, ettertanke og til håp!

Vi møtest til gudsteneste i Sund kyrkje kl. 11.00.

Vi minnest alle som har vorte gravlagde siste året ved å lese opp namnet deira og å tenne eit lys for kvar einskild.

Det vert song av Sund Blandakor.

Hjarteleg velkommen både for å minnast og å finna trøyst i fellesskapet hos Gud.

Open kyrkje

6. november er det open kyrkje i **Kausland kyrkje** kl. 17.00-19.00.

Hjarteleg velkommen til å lytte til musikk, vere stille, be, tenne lys.

Har du behov for å vere i kyrkja for å sørge, minnast dine kjære, er du særskilt velkommen til det.

Open kyrkje betyr at du kan koma og gå når du ynskjer.

Velkommen inn !

Tenn eit lys

- For nokon du er glad i
- For nokon du saknar eller
- For nokon som treng det

Diakoniutvalet i kyrkjelyden gir ut lys på **Sund senter laurdag 5. november klokka 11.00-14.00**. Kom gjerne forbi og få eit lys og slå av ein prat.

Det vert også gitt ut lys på Sartor senter og Ågotnes senter.

Kyrkjekontoret i Klokkarvik

Tove Solvang frå administrasjonen i Øygarden kyrjelege fellesråd er på kyrkjekontoret i Klokkarvik tysdagar og onsdagar.

For avtale, ta kontakt på e-post ts845@kyrkja.no eller på telefon 459 11 337

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 7. desember

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 23. november